

Jnr. 1059.21
MHBE/thm

Vestland fylkeskommune
Strategisk utvikling og digitalisering
SUD – Plan, klima og folkehelse
Postboks 7900
5020 Bergen

Uttale: Planprogram for Regional plan for klima 2022 - 2035

Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttar planprogrammet for Regional plan for klima 2022-2035 slik det ligg føre, med følgjande innspel:

Struktur av planprogrammet

Planprogrammet inneheld svært mykje nyttig og relevant informasjon. Regionrådet meiner at dette er eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid i planprosessen. Vi har ingen merknad til innhaldet eller tema. Det er likevel eit svært tunglest planprogram, med mange inndelingar, tema og målsettingar. Planprogrammet bør forenklast og gjerast lettlese. Dette vil gjera det meir tilgjengeleg for alle gruppene ein ynskjer å nå, og involvera politikarar, offentlege og private aktørar.

Nullutslepp i 2030

Vestland fylke skal vera ein pådrivar for å nå nullutsleppsmålet i 2030. Det er i planprogrammet ikkje sagt noko om korleis ein definerer nullutslepp. Ein tydeleg definisjon av dette bør utarbeidast. Denne bør utformast slik at kommunane i Vestland fylke kan nytte same definisjon i sine klimaplanar.

Medverknad

Det bør i planprogrammet kome tydelegare fram kva medverknadsformer som faktisk er planlagd. No er det svært generelt, og det er ikkje så lett å kome med innspel. For Samarbeidsrådet for Sunnhordland er det viktig at det vert lagt til rette for at kommunane kan kome med innspel og at dei vert involvert i prosessen gjennom fleire rundar i prosessen. Samarbeidsrådet for Sunnhordland ynskjer at det vert lagt til rette for møter og arbeidsverkstad i regionen.

Lista over grupper som skal ha fokus i medverknadsprosessen er ganske lang, og ein kan vanskeleg finne grupper som er utelatt her. Samarbeidsrådet meiner at ulike grupper bør koplast på dei ulike tema, og at dette kjem tydelegare fram i planprogrammet eller i eit eige program for medverknad.

Naturmangfald

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner punkta som ein skal utgreie på naturfangfald ser lovande ut. Det er likevel viktig for Samarbeidsrådet for Sunnhordland at fylkeskommunen i eit slikt arbeid har best mogeleg kunnskapsgrunnlag i arbeidet, og at ein jobbar med å få på plass så god kartlegging som mogeleg over dei naturtypane som finnes i fylket. På den måten er det lettare å gjere vurderingar på kvar ein kan akseptere å bygge ned noko natur, og kvar ein ynskjer å verne natur eller eventuelt verne natur gjennom fornuftig bruk av arealet.

Avslutningsvis vil me rosa fylkeskommunen for eit godt grunnlag og ser fram til vidare samarbeid med dykk!

Sunnhordland, 17. juni 2021

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
styreleiar

Tora Haslum Myklebust
dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.